

Arne Jonson (1756 – 1838), sk. på ½ laup for 97 rdl i 1794, g. 1795 m. 1) **Anne Abrahamsdotter Åsebø** (1758-1816). Bruk 60/2

1. *Mari/Marte* (1796 – 1831), g. 1825 med Tollev Andersson Hanebrekke (1788 – 1833).
2. *Johannes*, **neste brukar**
3. *Martinus* (1805 – 1824), drukna 1824 i Eidsfjorden i lag med Erik Hanson Hanebrekke. Båten kvelva.

Arne Jonsson hadde dottera Brite (1778-) med ei ukjend Mari før han gifte seg.

Gift 1817 m. 2) **Kari Andersdotter Eikås** (1760 – 1833)

1817. Takst over bruket (over 18 mrk smør- i Claus Finde Findes sitt dødsbu), 2 pd 6 mrk smør er heile bygslet i bruket:

Arne Jonsson (61 år) tok imot takstmennene og viste fram bygslebrevet av 1794.

Husa: 1. Ei tømra setestove med kove og vindauge i bra stand, 2. eit tømra stabbur i god stand, 3. ein tømra kufjøs, svært forfallen, 4. ein tømra smalefjøs i brukbar stand, 5. ei høy og kornløe i lovforsvaleg stand, 6. ein tømra hestestall i god stand, 7. eit eldhus av stein i bra stand. «De øvrige paa Gaarden paastaaende Huuse erklærede lejlendingen at være hans private Ejendom».

Deretter var det synfaring i eng, åker, utmark og skog. Enggrunnen er det det meste stein- og bergaktig, og det same er tilfellet med åkeren, men dette bruket har litt betre slåttemark enn Peder Olson sitt bruk på Ytre Tippen. Innmarka med åkrar og enger er i teigblanding for dei 4 oppsitjarane. Alle på Tippen har felles utmark og beiterett i lag med Lien, men utmarka som vedgår den vesle skogen som finst, av or, einer og lyng, er teigbytt. Seterhamna for dette bruket er tolleg god, men vår- og haustbeitet er dårleg. Det finst ikkje fure på bruket, og er så dårleg med skog at oppsitjaren må kjøpe det meste av brensel. Fiskar til eige bruk.

Sedvanleg utsæd: 2 tønner havre, 1 ½ tønne blandingskorn, ½ tønne bygg og 1 tønne poteter. Avlinga er i eit middels år 6 til 7 tønner havre, 6 til 7 tønner blandingskorn, 2 tønner bygg og 6 til 7 tønner poteter. Bruket føder årleg 10 til 11 store hornkveg, 15 til 16 smalar og 1 hest. Ingen har kår. Til innhausting trengst 4 arbeidsføre menneske.

Taksten lyder på 180 spesidalar for heile bruket, der 60 spesidalar er knytt til Finde sitt dødsbu på 18 mrk. smør.